

Regionrådet 2. desember 2016.

Sak 79-16.

NAV og kommunane – partnerskapsavtalen

Nav har som dei fleste andre både statelige verksemdar og kommunar fått melding om nedtrekk i rammene. NAV skal i 2017 produsere meir tenester for mindre pengar. Det tyder at dei må jobbe på ein ana måte.

NAV direktør Anne Bogsnes har vore tydeleg på at ho ynskjer seg færre NAV kontor. Publikum treng ikkje lenger å møte opp på sit lokale NAV kontor for å få løyst oppgåvene sine då NAV ynskjer at all (det vesentlege) kontakt skal skje elektronisk.

Nav ynskjer og å reindyrke tenestene og satse sterkare på arbeidslina. Frå fylkesdirektøren si side er det einssidig fokus på statlege oppgåver i NAV, ho innrømmer at ho ikkje veit mykje om kommunale oppgåver.

Spørsmålet er om NAV sin strategi er i samsvar med kommunane sine behov og ynskjer. Mange kommunar slit med å få fokus på kommunale oppgåver i NAV.

I mine møter med Nav direktør (treff ho ganske ofte i KS samanheng) blir eg heile tida møtte med eit ynskje om å redusere talet på NAV kontor. Ho er utålmodig og ynskjer å kome for i gang. Mest konkret er Nav kontora i dei kommunane som har vedteke å slå seg saman, men det er ikkje nok til å gje administrativ utteljing for NAV Hordaland, eller Nav i ein ny region.

Det er viktig at kommunane er tydelige på kva vi ser som gode tenester for innbyggjarane. Mange brukarar av Nav er ikkje online, eller gode på å bruke nettløysingar. Det er ikkje alle som skal ha standardiserte statlege ytingar. Mange treng hjelp og rettleiing til å takle livet og kvardagen. Det kan ein ikkje løyse gjennom kanalstrategi på Nav.no.

Det hadde vore fint med eit tydelig politisk signal eg kunne ta med tilbake til NAV Hordaland om korleis kommunane vurderer behovet for å halde på eit NAV kontor i kommunen og kva oppgåver det er naturleg å leggje til eit NAV kontor.

28.11.2017

Ingvild Hjelmtveit